



Risholm Holding As  
Henrik Jægers vei 30  
5094 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/7789 - 23/16310

Saksbehandlar:  
Josep Gayrbekov  
josep.gayrbekov@alver.kommune.no

Dato:  
02.03.2023

## **Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 351/19 Landsvik**

Tiltak: Dispensasjon/Bruksendring  
Byggjestad: Gbnr: 351/19  
Tiltakshavar: Risholm Holding As  
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 27.12.2022.

### **Vi trenger meir dokumentasjon i saka**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Bruksendringa frå stallboksar til café/restaurant/kjøkken krev dispensasjon frå arealføremål LNF. Det same gjeld etableringa av parkeringsplass og fasadeendringa. Desse vurderast ikkje å omfattast av dispensasjonen som blei gjeve tidlegare. Dispensasjonen har i tillegg gått ut.
2. Ber om ein avklaring av kva alpakkaglamping inneberer av tiltak/inngrep på eigedommen. Plan- og bygningslova § 20-1 bokstav a til n angir kva tiltak som utløyser søknadsplikt (eksempelvis reknast bruksendring, fasadeendring og etablering av parkeringsplass som tiltak etter bokstav b, c og l).
3. Avklaring knytt til vassforsyninga (offentleg eller privat).
4. Parkeringsplassen må målsetjast i situasjonskartet.
5. Teikningar av eksisterande fasade og plan.
6. Tiltak som er søknadspliktige etter pbl. § 20-3 skal forestås av føretak med ansvarsrett. Det vil sei at det skal nyttast føretak som har relevant utdanning og praksis for å kunne erklære anvarsrett ovanfor kommunen.

Kommunen ber om at tilleggsmasjon vert sendt inn samla innan **05.04.2023**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

## **GENERELL INFORMASJON**

### **Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad**

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Josep Gayrbekov  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Risholm Holding As

Henrik Jægers vei 30

5094 BERGEN